



Alver kommune  
Trond Engelsen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18195 - 21/5352

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
24.01.2021

## **Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 107/7 Kolås**

Vi viser til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for Lindås for etablering av parkeringsplass på gbnr 107/7 Kolås.

Søknaden vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 20. januar 2020 i sak 009/21, der følgjande vedtak vart fatta:

**Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruk-, natur- og friluftsføremål) for etablering av parkeringsplass på gbnr 107/7 slik det er søkt om.**

**Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (dispensasjon frå kommuneplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Parkeringsplassen kan ikkje opparbeidast før nødvendig løyve etter jordlova og plan- og bygningslova ligg føre.**

**Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.**

**Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.**

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein

